

Alver kommune

Bergen, 21.12.2020

Høringsuttale Plan Den kulturelle skulesekken Alver kommune 2021-2024

Vestnorsk utvandringssenter og Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland (MUHO) ser positivt på Alver kommune sin plan for Den kulturelle skulesekken 2021-2024. Vi er glade for at de ønskjer å legge inn fast besøk med elevar i 5. trinn frå utvalde lokale skular. Som dei einaste offentlege musea i Alver kommune er vi opptatt av kultur og natur arven vår, og å formidle den til skulane i vårt område.

Vi vil også understreke at vi også har høve til å ta i mot skuleklassar og grupper for andre tilbod også utanom det faste opplegget for 5. trinn.

Å delta på undervisingsopplegg i Muho er gratis for skulane. Ein del av opplegga har utgifter til materiell som det hadde vore fint om vi kunne få dekkja noko av.

MUHO er eit museum for levande kultur-, natur- og industriarv. Vi bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Her kan folk oppleve unike museum og kulturlandskap i Nordhordland, Bergen og på Osterøy. To av våre avdelingar Lyngheisenteret på Lygra, og Vestnorsk utvandringssenter på Sletta, er i Alver kommune, medan Tekstilindustrimuseet ligg i Salhus, rett over fjorden i Bergen kommune.

Vi legg også vekt på kulturmøte, mangfald, migrasjon, klima, miljø og ei berekraftig framtid og kan tilpasse og utarbeide formidlingstilbod som også kan inngå til dømes i Den kulturelle skulesekken som einskildskular og andre klassetrinn også kan nytte seg av i tillegg til tilboda til 5. trinn. Lyngheisenteret har også undervisingsopplegg innan naturarv og biologi.

Med venleg helsing

Torhild Kvingedal
avdelingsleiar
Lyngheisenteret

Lena Eikeland Kutscher
avdelingsleiar
Vestnorsk utvandringssenter

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

post@muho.no
55 25 10 80

Org. nr. 971 349 743

muho.no